

Saksliste årsmøte NYK måndag 19. februar 2024 kl. 20

<https://join.skype.com/EkMDcWxMVKqe>

1. Godkjenne frammøte og møteinnkalling
2. Valg av ordstyrer, referent og to til underskriving av protokoll
3. Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
4. Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
5. Godkjenne budsjett for kommende år.
6. Fastsette medlemskontingent for kommende år.
7. Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
8. Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
9. Velge revisor og ny valgkomite
10. Framlegg om endring av signaturrett frå «styret i fellesskap» til «styreleiar»

Uendra medlemskontingent (kr. 300/100).

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2023

Ordinært årsmøte i NYK 13. februar 2023 (Skype) valde nytt styre med Ronny Rognhaugen som leiar og Jon Kåre Hellan (Trondhjems) som revisor. Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte 10. april og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmlålar Ronny Rognhaugen (Vågsbygd)
PR og informasjonsansvarleg Kjell Eirik Henanger (Askøy)
Sekretær Jon Mikael Bjørklund (Gjøvik)
Styremedlem Dirk Nolte (Trondhjems)
Varamedlem Chris Skogen (Askøy), Christian Jaksjø (Færder/KNS) og Øyvind Pedersen (Trondhjems)

Styret har gjennomført fem styremøte i perioden: 10. april, 22. mai, 21. august, 23. oktober i 2023 og 15. januar 2024. Rekneskapen er avstemd med Nordea og godkjend av revisor. Det vart eit overskot på kr. 3.889. Inneståande på bankkonto var 86.217 ved årsskiftet, mot 82.328 førre år.

NM 2023 var på Askøy 3-4. juni og det vart treningsamling helga før. 19 båtar deltok i NM, som er to fleire (norske) enn året før. Vinnaren vart NOR 261 framfor NOR 405 og NOR 411. Berre to tilreisande båtar (Lillehammer/Røyken), men to lag frå Kristiansand og eitt frå Trondheim lånte båt. Ingen frå Hvasser tok turen over fjellet. Yngling var i 2023 invitert til Hankø Race Week 29. juni-1. juli, men det var for få påmelde; minimum sju båtar. Interessa for VM i København 22-29 juli var rekordstor med 10-11 båtar. 8 var påmelde og 5 stilte; fire frå Bergen og ein frå Kristiansand. NOR 405 vann som fyrste norske sidan 1990! NOR 261 vart nr. 10, NOR 404 nr. 36, NOR 71 nr. 40 og NOR 7 nr. 41 av 48 totalt.

Aktiviteten har vore stigande dei siste åra og det har vore stabil omsetting av Ynglingar. Dei fleste båtane på Finn er oppussingsobjekt. For 2023 er det verd å nemna Gjøvik/Mjøsa, Horten, Vågsbygd/Kristiansand, Askøy/Bergen og Trondheim/Steinkjer. Hvasser flåten er stabil og i tillegg kjenner NYK til «hytteflåtane» på Askerøya/Tvedestrand og Homborsund/Grimstad.

Medlemskontingent (300/100) har vore uendra dei siste åra. Medlemstalet tok seg kraftig opp i 2023 med 94 betalande medlemmar (+26). Båtregisteret vert stendig oppdatert med nye og hittil ukjende Ynglingar. Det er registrert ein «ny» båt i 2023; NOR 422. Totalt finst det 303 båtar i registeret, som tilseier at drygt 100 har ei hittil ukjend historie. Styret treng hjelp med oppdatering om feil, eigarskifte m.m. Lista ligg på <http://yngling.no/batregister/>

I 2024 er det VM i Austerrike 18-25. mai. VM 2025 er førebels uvisst etter at Australia trakk seg, men det vert truleg Gardasjøen, Sveits eller kanskje Nederland. Men i 2026 vert det VM på Askøy 1-8. august. NM 2025/26 vurderast seinare. Eit alternativ er attende til Askøy i 2025 eller RAN i 2026 som oppvarming til VM. Uansett vil det opne for Trondheim, Kristiansand eller andre det andre året.

Sjå vedlegg 1 for fullstendig rekneskap 2023, og framlegg til budsjett for 2024.

For styret
Ronny Rognhaugen, 21. januar 2024.

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2023

Vedlegg 1: Årsrekneskap 2023 og budsjett 2024 (før revisjon og signering)



Norsk Ynglingklubb

	Rekneskap 2023			2023	2024	
	31.12.2022	31.12.2023		Budsjett	Budsjett	
Inntekter						
Fullt medlemskap (44) + 9	10 500	13 200		12 000	12 000	40*300
Støttemedlem (50) + 17	3 300	5 000		4 000	4 000	40*100
Båtregister	500	650		1 000	1 000	
Diverse	2 450	990		1 000	1 000	
Renteinntekt	0	25		0	0	
Sum inntekter	16 750	19 865		18 000	18 000	
Kostnader						
Profilering og rekruttering	2 000	0		2 000	2 000	NM/VM
IYA avgift	3 960	8 652	49 stk. à 20 €	5 000	7 920	36*220
Porto	477	738		0	0	
Rekvisita	0	0		0	0	
Reisestøtte	14 152	6 368	Note 1	10 000	10 000	NM/VM
Premiering NC	0	0		0	0	
Diverse	984	63		100	100	
Bankgebyr	153	155		100	100	
Sum kostnader	21 726	15 976		17 200	20 120	
Resultat	-4 976	3 889		800	-2 120	
Balanse						
Kasse	0	0				
Bank	82 328	86 217				
Sum egenkapital	82 328	86 217				
Avgiftsmerke segl	0 stk.	0 stk.	à 35 €			
T-skjorter	13 stk.	11 stk.	à 50 kr.			
Y-pins	54 stk.	51 stk.	à 50 kr.			
Y-buff	4 stk.	4 stk.	à 100 kr.			

Reisestøtte NM 2023 (3868): NOR 87 og 274, Norsk aften VM (2500): NOR 7,71,261,404 og 405.